

# KURSRAPPORT – JUS 123, vår/2015

---

KURSANSVARLIG: Bjørn Henning Østenstad

Kursrapporten er utarbeidet den 1. oktober 2015 av Bjørn Henning Østenstad

## 6. FAGLÆRERS GENERELLE VURDERING

### f) Praktisk gjennomføring

- ix.    Strukturen på kursopplegget  
Som tidlegare år: 2 x 12 timar førelesing + repetisjon, 8 arbeidsgruppesamlingar, obligatorisk kursoppgåve og 4 storgruppesamlingar. Førelesingane kjem tidleg i kurset, og det fungerer bra.
  
- x.     Forelesningene  
Tre bidragsytarar: kursansvarleg, Ørnulf Rasmussen og Sigrid E. Schütz. Fungerer bra. Problemstillingar blir skildra på ulike måtar og med ulike ord, men det har studentane godt av å lære seg til å handtere.
  
- xi.    Benyttede arbeidsoppgaver – både i arbeids- og storgruppene  
Revidert før årets kurs. Lagt vinn på å finne dags- og samfunnsaktuelle saksforhold. Sjå elles merknader til studentevalueringa.
  
- xii.   Skrivning og kommentering  
Ingen særlege merknader.
  
- xiii.  Gjennomføring av arbeids- og storgruppesamlingene  
Ingen særlege merknader.
  
- xiv.   Obligatorisk kursoppgave  
Gjennomgåande god kvalitet på kommenteringa. Få klager frå studentane.
  
- xv.    Eksamen  
Digital eksamen. Ingen problem i samband med gjennomføringa. Røynsla så langt er sensorane skriv ut oppgåvene på papir og gjer notatar for hand. Karakterane blir lagt inn i Inspira.  
  
Sensorrettleiinga vart gjort relativt omfattande, og revidert i samband med nivåkontrollen. Kursansvarleg kom med innspel til val av klagesensorar ut frå røynslene i nivåkontrollen.
  
- xvi.   Samarbeid med administrasjonen  
Det beste.

### g) Strykprosent og frafall på eksamen

F = 0,6 %. Fråfall på eksamen: 7 av 363 oppmelde.

h) Karakterfordeling

A: 8,4

B: 29,9

C: 41,4

D: 17,1

E: 5,0

F: 0,6

Reflekterer at det har lukkast å få ganske mange studentar opp på eit bra fagleg nivå.

i) Studieinformasjon og –dokumentasjon

Ingen merknader.

j) Tilgang til relevant litteratur

God. Fire ulike bøker gjort til hovudlitteratur, noko ein del studentar synest er uheldig (kostbart). Men faglege omsyn overtrumfar her, jf. vurderingar i samband med SU-sak vinteren 2015.

## 7. FAGLÆRERS VURDERING AV RAMMEVILKÅRENE

c) Lokaler og undervisningsutstyr

Ingen merknader.

d) Andre forhold

Ingen merknader.

## 8. FAGLÆRERS KOMMENTAR TIL ÅRETS STUDENTEVALUERING(ER) (REFERANSEGRUPPEMØTET)

*Referat fra emnets referansegruppemøte er lagt ved denne rapporten, og skal være kommentert av kursansvarlig, jf. vedtak i Studieutvalget den 21.4.15.*

d) Metode – gjennomføring

Standard referansegruppemøte

e) Oppsummering av innspill

i. Arbeidsgruppene:

1.1 Arbeidsmengda kan justerast noko opp, i alle fall til dei første samlingane.

ii. Storgruppene:

2.1 Balansepunktet mellom studentpresentasjonar og lærarstyrt aktivitet bør vurderast.

2.2 Det faglege nivået til storgruppeleiarane er ujamnt.

f) Eventuelle tiltak iverksatt i løpet av kurset

Ingen.

## 9. OPPFØLGING AV FJORÅRETS EVALUERING

Læringsmål og pensum vart omfattande revidert før 2015-kurset, jf. SU-sak i vinter. Kursoppgåvene vart gjennomgått og omfattande revidert.

## 10. FAGLÆRERS SAMLEDE VURDERING, INKL. FORSLAG TIL FORBEDRINGSTILTAK

Som heilskap har kursopplegget fungert bra og den praktiske gjennomføringa har ikkje bydd på særlege problem. Kommunikasjonen med arbeidsgruppeleiarane har vore god.

Oppgåvene til arbeidsgruppene vart gjennomgått og revidert i forkant av 2015-kurset. Det store biletet er at dei har fungert bra. Etter nemnde innspel er det likevel grunn til å vurdere ei viss oppjustering av arbeidsmengda til dei første samlingane. Også rekkefølga mellom enkelte oppgåver vil bli vurdert på nytt. Siste arbeidsgruppeoppgåva er både større i omfang og meir kompleks enn dei andre – og liknar slik sett meir på ei tradisjonell eksamensoppgåve. Korleis studentane evt. kan gjevast større rom for å «skrive ferdig» denne oppgåva, i lys av ordgrensa, må vurderast.

Balansepunktet mellom studentpresentasjonar og lærarstyrt aktivitet skal vurderast for storgruppene.

Storgruppeleiarane får skriftleg rettleiing til oppgåvene og tilbod om å delta i førebuingssmøte før samlingane. Det er likevel slik at ein i denne lærargruppa har ulik grad av røynsle – både i undervisningssituasjonen generelt, og i forvaltningsrett spesielt. At alle storgruppeleiarane har lagt ned ein grundig og god jobb i førebuing og gjennomføring, er tvillaust.

Internasjonalt rettsstoff fekk ein klart sterkare plass i 2015-kurset enn tidlegare. Denne utviklinga vil halde fram for neste år.

Tanken er vidare å opne Edublogs for spørsmål.

[Tilbake til sakslisten](#)